
Fra: Marte Hagen Eriksrud
Sendt: onsdag 29. januar 2020 14.16
Til: einarstoreide@hotmail.com
Emne: Endring arealføremål gbnr. 234/28

Hei,

Viser til brev datert 17. desember 2019 om eigedom gards- og bruksnummer 234/28.

Eg er lei for at det har tatt litt tid å gje eit svar. Det er nokre forseinkingar i føring av innkomne dokument på grunn av overgangen til Alver kommune.

Endring i arealføremål gbnr. 234/28

Gjennomført retting i matrikkelen har ført til at eigedomen er flytta frå eit areal med opning for etablering av fritidsbustad til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF).

For å få etablert ein fritidsbustad på denne eigedomen er det no to alternativ.

Alternativ 1: gje innspel til rullering av kommuneplan for Alver. I høyringsutkastet til planstrategien for Alver, for denne kommunestyreperioden, er det prioritert å utarbeide ein kommuneplan for Alver. Videre står det at den skal utarbeidast i to faser; Samfunnsdel med vedtak innan 2021 og Arealdel med vedtak innan 2024. Planstrategien er ut på høyring med høyringsfrist 26. februar 2020. Sjå høyringsside her; https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/Planstrategi2020_23/

Alternativ 1 ligg med andre ord nokre år fram i tid. Det og viktig å understreke at det ikkje er ein automatikk at eit innspel til planarbeidet, vil føre til at arealføremålet vert endra i kommuneplanen.

Alternativ 2: søkje om dispensasjon frå overordna plan. På kommunen sine nettsider ligg det informasjon om korleis ein kan gå fram for å søkje om dispensasjon frå overordna plan. Der ligg det og informasjon om kor ein kan henvende seg for å få meir informasjon; <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/>

Ta gjerne kontakt per e-post eller telefon om det er behov for ytterlegare informasjon om kommuneplanprosessen.

For meir informasjon om eventuell dispensasjonssak, sjå nettside over, eller sjå her for kontaktinfo til byggesaksavdelinga: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/>

Marte Hagen Eriksrud | Rådgjevar på plan og analyse

Telefon: 563 75 637

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

